

KOPI

Irmelin S. Lundøy

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/746 - 19/15116

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
21.10.2019

Landbrukssak Gbnr 84/7 Haukeland Søndre - landbruksveg - presisering av vedtak

Viser til søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 84/7 i Radøy kommune og telefon frå advokat Irmelin S. Lundøy i dag, 21.10.19.

Saksopplysningar:

Det vart fatta positivt vedtak i saka 18.07.19. Me beklagar at vedtaket vart sendt ut med feil grunna problem i vårt sakssystem. Dette skrivet inneheld informasjonen som manglar i vedtaket frå 18.07.19 med referansenr.19/746-19/7942.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 2015-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Vegen går forbi hytteeigedomar og vidare til utmark på gbnr 84/7. Vegen er bygd og det er søkt om å legalisere anlegget. Det er søkt om landbruksveg i vegklasse 4, kostnadane med ein slik veg er store og vår vurdering er at vegen kan byggast i en lågare vegklasse utan at det reduserer av bruksverdien. Vegen vert handsama som ein klasse 4 veg, men kan byggast og godkjennast ferdig i ein lågare klasse om brukarane er samde i det.

Naturmiljø


Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner:

Me viser til brev datert 26.04.2019 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 84, bnr. 7 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut i frå vårt arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne knytt til den planlagde traseen, men det er registrert fleire lokalitetar med forhistorisk busetjing i området, desse er frå yngre steinalder, bronsealder og jernalder (sjå figur 1, område med automatisk freda kulturminne er vist som rune-R i kartet).



Figur 1. Kartutsnitt som viser automatisk freda kulturminne i området.

På bakgrunn av mengda funn i området ville me normalt vurdert ei synfaring, for å ta stilling til om det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering etter §§ 3 og 11. Me ser at tiltaket allereie er utført, dette er beklageleg då vår moglegheit for å vurdere området i forhold til kulturminnelova er vesentlig redusert. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Vedtak:

Stian Haukeland får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 84/7 i Radøy kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Vegen skal byggast slik innsendt kartet viser.
- Vegen skal ha delt nytte mellom landbruk og hytteformål.
- Kommunen skal varslast når vegen er klar til ferdiggodkjenning.

Vedtaket er gyldig til 18.07.2022

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve , fell løyvet bort, jf. FOR 2015-05-28-550, §3-2.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Med helsing

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Irmelin S. Lundøy

Mottakarar:

Stian Haukeland

Vetåsvegen 77 5938

SÆBØVÅGEN

